

Møtereferat - Politisk prosjektgruppe om eigarskap

Dato: 17.01.2019

Tidspunkt: Kl. 13.00 - 16.00

Stad: Førde rådhus, møterom Jølstra

Til stades:

Bjørn Harald Haugsvær, Heidi Vallestad, Helge Robert Midtbø, Ragnhild Sæle, Oddmund Klakegg, Olve Grotle, Ole John Østenstad, Lise Mari Haugen

Forfall:

Gunn Merete Paulsen, Anders Sægrov, Lena Kristin Eliassen

1. Godkjenning av referat frå møte 19.10.2018, sjå vedlegg

- Referat vart samrøystes godkjent

2. Godkjenning av innkalling og forslag til agenda

- Innkalling og forslag til agenda supplert med to saker ([Firda Billag og Sunnfjord Energi](#), jfr. [Sak 3 og 6.](#)) vart samrøystes godkjent.

3. Gjennomgang av dokument sendt ut i e-post 21.12.2018, sjå vedlegg

- Notat – Status i arbeidet ved utgangen av 2018
 - Innkjøpssamarbeid: avventar arbeidsgruppe i regi av KS.
 - Brannorganisering: sak i KS-styre 30. januar. Truleg regionmodell. Vidare vil det vere behov for å avklare samarbeid mellom SK og HAF.
- Brev til aksjeselskap og interkommunale samarbeid

4. Kommunalt eigarskap – grovvurdering med forslag til tilråding

- **Ankerløkken** (eigedomsselskap):
 - Aktuelt å utvide selskapet til og å omfatte Moskog?
 - Selskapet er konkret knytt til aktivitet i området. FK er kunn deleigar i Ankerløkken til forskjell frå Moskog.
 - Kven eig djupvasskai i Bygstad? Fokuset på kaianlegg bør følgjast opp men kanskje ikkje gjennom dette selskapet.
 - Tekstleg omtale: Industri og næringsareal med tilgang til sjø og kaianlegg.
 - Historia har vist at det har vore viktig at FK har vore med. God avkastning.
 - Viktig at det skjer utvikling og at kommunen kan bidra til knoppskyting
- **Eninvest AS**
 - Indirekte eigarskap via Sunnfjord Energi.
 - Er tilgang til ressursar sentralt for administrasjonen?
 - Posten er så liten/ lite kapital bunden opp. Då kan det å ha ei lita arm inn i dette gi nokre fordelar t.d. kunnskap. Symbolverdi at vi er med.
 - Oppsummert: støttar vurdering
- **Firda Billag**
 - Fylkeskommunen ynskjer å selje seg ut pga. anbudsposisjon. Det er sendt ut skriv frå fylkeskommunen no i haust med førespurnad om å kjøpe aksjar. Møte 16.1 mellom fylkeskommunen og kommunar som har meldt seg interessert. SK vert utfordra då vi blir den største eigaren.

- Stort selskap/ stor arbeidsplass/ sentralt plassert i sentrum av Førde. Har ikkje høyrte argument for at offentleg eigarskap ikkje bør vidareførast. Dersom salsprosess bør vi henge oss på og få argumentasjon for/mot vidareføring/oppkjøp av aksjar.
- Hadde vore interessant å vite kva selskapet (styret/dagleg leiar) meiner sjølv; ynskjer dei offentleg eller privat eigarskap?
- PwC v/Jan Flølo er innleigd for å starte ein prosess.
- Korleis kan vi utøve vårt eigarskap for å utvikle tomtelandet til Firda Billag til fordel både for selskapet og kommunen.
- Oppsummert: vidareføre eigarskapen. Uansett eigarskap må kommunen ha eit tett samarbeid med selskapet. Når andre eigarar vil vurdere sin eigarskap, så ynskjer SK å følgje med i prosessen. Viktig å sjå det store bildet og den samla eigarskapen. Viktig selskap og i miljøperspektiv.
- **Førde Sør**
 - Eit organ for utvikling i Førde Sør som har vore nyttig. Ok eigarandel
- **Førde Tomteselskap**
 - Ap: ynskjer å styrke selskapet. Gje dei meir musklar gjennom å gje dei meir tomteland.
 - Viktig selskap for SK. Selskapet vil bli tilført ytterlegare kapital gjennom tilført tomteareal i Jølster, Naustdal og Gaular i tillegg til det som frå tidlegare er tilført frå Førde.
 - Styret består pr. i dag av 3 kommunestyrepolitikarar. Viktig å tenke gjennom framtidig styresamansetnad t.d. kompetanse. Det kan vere ulike behov i ulike fasar i selskap
 - Ap: har etterlyst boligmasse som stettar ulike sosiale behov. Dette er ikkje fullgodt løyst i marknaden pr. i dag.
 - Vi må tenke oss om før vi gjer selskapet om til eit meir generelt entreprenørselskap. Men må kunne brukast som eit reiskap til å bygge bustadar som ikkje marknaden sjølv handterer.
 - Bustadbyggelaget si rolle er pr. i dag fråværande i Sogn og Fjordane.
- **Førdefjorden Energi**
 - Selskapet er framleis i oppstartsfasen. Vi er ein viktig kjøpar av energi.
 - Kan vere vanskeleg å få noko for aksjane.
 - BKK eig 47 % og Sunnfjord Energi tilsvarande.
 - Selskapet vil oppleve det viktig at vi er med vidare.
- **Förderegionen E39**
 - Har vore eit tema å legge ned aksjeselskapet då ein kan jobbe vidare med E9 uavhengig. Men samtidig kan det gje feil signal å legge ned selskapet og det er lettare å leige inn konsulentar til eit formalisert selskap.
 - Mange private selskap som eig 2 %.
 - Bruke selskapet i 2019 opp mot NTP. Det må byggast opp ny argumentasjon for E39. Bør og vurdere om det er noko vi kan gjere med sjølve prosjektet for å gjere det meir realiserbart.
 - Er det ordførarane som skal fronte dette selskapet? Ordførarane har andre arenaer. Kanskje er det like viktig at dei private aktørane frontar dette. Samtidig er dette ein viktig arena for ordførarane, som jobbar mykje med veg-prosjekt.
 - I tillegg har ein stamvegutvalet for E39 frå Bergen til Møre grense.
 - Oppsummert: vidareføre eigarskapen
- **Jostedalsbreen**

- Prosjektet har utvikla seg til no å ha som mål å bygge gondolbane. Innsamla 900.000 kr
- Oppsummert: vidareføre eigarskapen
- **Jølster Skisenter**
 - Uheldig at kommunen ein majoritetseigar. Bør selje oss ned til under 50 %.
 - Regionanlegg.
 - Forklaring på stort kommunalt eigarskap er for å berge selskapet ved to høve.
 - Usikker på kor attraktive aksjar dette er.
 - Signal frå generalforsamlinga om at kommunen bør vidareføre sin eigarandel.
 - Ideelt sett betre med ein meir aktiv aksjeeigar.
 - Overskot i fjor på over 900.000,-. Sårbar eigenkapital og veiravhengig.
 - Private har investering i hyttefeltet med nær kopling til skisenteret.
 - Oppsummert: Vidareføre eigarskap, men bør vurderer reduksjon i eigarposisjon.
- **Kinoalliansen**
 - Oppsummert: vidareføre eigarskapen
- **Kommunekraft**
 - Svar på brev - kan ikkje eige meir enn 1 aksje.
 - Oppsummert: ikkje vidareføre eigarskapen
- **Kystvegen Måløy – Florø**
 - Vi har delteke i selskapet i 4 år. Tidlegare 45 minutt-regionen. Vi var med då for at dette skulle styrke oss.
 - Framleis eit viktig prosjekt, men meir komplisert i dag jf. traseval.
 - Fokus på Svelgen - Indrehus pr. i dag.
 - Unaturleg å gå ut no, men ny kommune bør gjere seg opp ei meining litt fram i tid.
 - Det er mykje politikk i selskapet. Den store planen ligg der framleis.
 - Oppsummert: inntil vidare vidareføre eigarskapen
- **Naustdalstunet**
 - Oppsummert: vidareføre eigarskapen
- **Origod**
 - Oppdatere eigarskapsbrøk
- Gjennomgang vart avslutta pga. tid.

5. Eigarskapspolitikk – generell del

- Til møtet er det laga eit utkast basert på eigarskapspolitikken hos dei fire kommunane i dag.
- 1.6.2 Val av styret
 - Ordførar i Sunnfjord kommune bør ikkje sitje i styre.
 - Ulik kompetanse hos politikarar
 - Ordførar blir inhabil ved handsaming av sak i eigen kommune
 - Ordførar er ein av få som driv politikk på heiltid. Det skapar kontaktnett og moglegheit til å setje seg godt inn i saker.
 - Kompetanse frå privat næringsliv vil truleg krevje økonomisk bidrag utover det ordførarane gjer i dag.
 - I ein del styre er det viktig å ha ein miks mellom politikarar, økonomisk kompetanse og fagkompetanse.
 - Politikarar kan vere ein riktig kompetanse i fleire organ.

- Viktig at vi er representert i valnemnder
- Viktig at vi brukar tid på finne dei riktige personane med riktig kompetanse.
- Opplever at det har vore ei bra utvikling på dette området i Førde kommune over tid. Denne kan vi vidareføre.
- Stor forskjell alt etter kva selskap ein snakkar om
 - Pådrivarselskap krev i stor grad politikarar
 - Merkantile selskap krev i større grad profesjonskompetanse
- Val/tilråding av styremedlemmar i aksjeselskap bør ikkje vere ein del konstitueringa. Korleis dette skal gjerast bør vi tenke igjennom i god tid før konstituering hausten 2019.
- Korrigering: endre omgrepet profesjonelle. Endre til (kompetente) styremedlemmar
- 1.6.6 Styrehonorar og leiarløn
 - Ta ut alternativ frå Jølster inkl. styreforsikring
- 1.6.9/1.6.10
 - Ta ut

6. Vidare framdrift

- Handsaming i fellesnemnda?
 - Sende generell del til fellesnemnda 6. februar

7. Sunnfjord Energi

- BKK har tatt kontakt med kommunar med agenda for å kjøpe seg opp.
- Kva er strategisk lurt for å vareta våre verdiar?
- Viktig at kommunane i Sunnfjord agerer likt.

8. Neste møte

- Dato for neste møte 26. februar kl. 13.00 – 16.00 på Førde rådhus.